

Vedlegg til sak 34/14:

**Dokumentasjons- og innsamlingsplan for
Nordhordland. Oppnemning til
referansegruppe.**

Forslag til vedtak:

Regionrådet oppnemner **xxxx** (forslag vil kome før møtet, eller i møtet) som representant til referansegruppa i prosjektet «Dokumentasjon- og innsamlingsplan for Nordhordland».

Saksutgreiing:

Museumssenteret i Hordaland har teke initiativ til eit prosjekt for å sikre dokumentasjons- og innsamlingsplan for Nordhordland. Prosjektet er eit resultat av eit langsgiktig arbeid for å kome i posisjon til å få finansiert arbeidet. No er midlar frå fylkeskommunen på plass for det første året av prosjektet.

Målet med arbeidet er å få på plass eit grunnlag for å kunne snakke om magasinbehov – noko som ein allereie veit er stort i Nordhordland. Første trinn er å få oversikt over allereie innsamla materiell. Neste steg vert å ta stilling til alt materiale som er rundt omkring i kommunane der ikkje alt er registrert og dokumentert. Viktige spørsmål i den prosessen vert å vurdere på fagleg grunnlag kva som skal samlast inn, korleis ein skal organisere arbeidet, og korleis skal samlinga vere (gjenstandar, foto mm).

Diskusjonen om kor mange magasin vi treng, storlek og lokalisering må kome i etterkant av dette dokumentasjonsarbeidet.

Prosjektleiar er Solveig Jordal v/ Museumssenteret. Det er sett ned ei arbeidsgruppe for prosjektet og no ønskjer dei å få på plass ei referansegruppe som skal ha første møte ut på hausten. Museumssenteret ber Regionrådet om å oppnemne ein representant til referansegruppa.